



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
22.06.2018
Dykkar dato
20.06.2018

Vår referanse
2018/7992 421.3
Dykkar referanse
18/1742

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale til dispensasjon til etablering av massedeponi i Lindås – gnr. 215 bnr. 2 - Eidsnes ytre

Vi viser til brev frå kommunen datert 20.06.2018. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen for plassering av 52.500 m³ jordmassar i deponi inntil arealet kan settast i stand til jordbruksland igjen.

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til å forbedra arealet for landbruket og at deponiplassen er nært opptil næringsarealet massane skal hentast ifrå.

Fylkesmannen si vurdering er likevel at ein ikkje kan gje ein dispensasjon i denne saka. Ut frå dei opplysningane som er gitt, meiner vi det ikkje er grunnlag for å slå fast at ikkje tiltaket vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Det må slik vi ser på saka eventuelt utarbeidast ein reguleringsplan, der krava i (jf. m.a. pbl.§4-2 til opplysning, medverknad og skildring av verknader vert fylde. Jf. òg plan og bygningslova (pbl) § 12-1 tredje ledd: «*For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlig virkning for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan.*»

Ut frå søknaden er det er store mengder massar (52.500 m³) som skal plasserast her. I forskrift for konsekvensutgreiing står det at for deponi for massar som er på meir enn 50 000 m³ skal ein vurdere om det er naudsynt med konsekvensutgreiing. Det ligg ikkje føre ei nærare vurdering av om det er naudsynt.

Fylkesmannen er uroa over at avrenninga frå dette området vil vere ned mot Eikangerpollen, som er naturtype med verdi «svært viktig» ([faktaark Eikangerpollen](#)). Vidare vil tiltaket kunne påverke omgjevnadane på nye måtar, m.a. ved anleggstøy. Vi meiner òg at det vil vere naudsynt med ein risiko og sårbarheitsanalyse, mellom anna fordi tryggleikssituasjonen kan verte endra ved at det vert etablert anleggstrafikk/ verksemd på begge sider av europavegen. Området ligg nær opp til fleire stiar og område som vert nytta til friluftsliv. Fylkesmannen er elles oppteken av at tiltaket vert planlagt på ein måte som gjer det mogeleg å nytte arealet som landbruksareal i etterkant.

Fylkesmannen si vurdering er såleis at om det skal vere aktuelt å nytta omsøkt område til massedeponi, så må det lagast ei reguleringsplan med konsekvensutgreiing.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til massedeponi på gnr. 215 bnr. 2.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.